

**FØRESEGNER - FORSLAG TIL ENDRING AV KOMMUNEDELPLAN E6  
NORDKJOSBOTN-STORFJORD GRENSE  
PLANID**

**Dato, offentlig ettersyn: 31- jan. - 17. mars**

**Dato, revidert:**

**§1 Formål, avgrensing og arealformål**

**§1.1 Formål**

Planen skal avklare trase for E6 mellom Nordkjosbotn og Storfjord grense i Balsfjord kommune.

**§1.2 Planområde og planavgrensing**

Planområdet er vist på plankart med planID xxxx i målestokk 1:5000 med plangrense 50 meter frå vegkant på begge sider.

**§ 1.3 Tidlegare planar**

Arealbruken vedtatt i denne planen med tilhøyrande føresegner gjeld framfor arealbruk i arealdelen til Kommuneplan for Balsfjord, vedtatt 21.09.2011.

**§ 1.4 Følgjande arealformål og soner etter §§11-7 og 11-8 i plan- og bygningslova inngår i planforslaget:**

- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§11-7 nr. 2)
- Omsynssover (§11-8 pkt c)
  - o Kulturmiljø

Planen setter av areal både til ny E6 med tilhøyrande kryss og til tilpasningar, samt justeringar av vegar som blir råka av E6. Areal som ved detaljplan ikkje lenger trengs for vegformål skal gå tilbake til gjeldande arealformål i kommuneplanen.

## **§ 2 Generelle føresegner**

### **§2.1 Plankrav (Pbl. §11-9 pkt. 1)**

Det blir stilt krav til utarbeiding av detaljregulering av vegtrasè for E6 Nordkjosbotn-Storfjord grense før bygging kan iverksettast.

### **§2.2 Bru over Nordkjosvassdraget (Pbl. §11-9 pkt. 6)**

Ved seinare detaljutforming av brua over Nordkjosvassdraget skal ein ta omsyn til verneverdiane til vassdraget.

### **§2.3 Bevaring kulturmiljø, (Pbl. §11-9, pkt. 7 og 8)**

Tilhøve til både nyare og automatisk freda kulturminner må avklarast på reguleringsplannivå og leggest inn som omsynssoner. Undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova må oppfyllest før reguleringsplanen kan godkjennast. For automatisk freda kulturminner må det søkast om dispensasjon frå kulturminnelova dersom dei blir råka av tiltaket.

## **§ 3 Omsynssone**

- Kulturmiljø

Påviste kulturminner skal takast omsyn til ved detaljregulering.